



Høyringsuttale revidert forskrift om sikkerhet ved vassdragsanlegg

Saksbehandlar:
Agnete Haugland

Arkivsaksnr.:
26/7267

JournalpostID:
26/72881

Saksnr: 98/2026	Utval: Bjørnafjorden formannskap	Dato: 03.09.2026
---------------------------	--	----------------------------

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak:

Bjørnafjorden kommune gir høyringsuttale til Norges vassdrags- og energidirektorat sitt forslag til revidert forskrift om sikkerheit ved vassdragsanlegg, slik det går fram av saka. Kommunen støttar hovudretninga i forskriftsforslaget, særleg målsetjinga om tydelegare ansvar, meir risikobasert oppfølging og betre differensiering mellom ulike typar dammar og konsekvensklassar.

Bjørnafjorden kommune ber samstundes om at NVE i det vidare arbeidet sikrar at krava til dammar i konsekvensklasse 2 blir tydelege, forholdsmessige og praktisk gjennomførbare for kommunale dameigarar med få damanlegg.

Kommunen sender følgjande høyringsinnspel:

1. Bjørnafjorden kommune støttar at forskrifta blir oppdatert for å møte nye krav til beredskap, tryggleik og kritisk infrastruktur.
2. Kommunen støttar ei meir presis og risikobasert klassifisering av dammar, men ber om gode overgangsreglar og tydeleg rettleiing for dammar i konsekvensklasse 2.
3. Kommunen ber om at krava til dokumentasjon, beredskap, VTA-oppfølgning og revurdering blir praktisk tilpassa mindre kommunale dameigarar.
4. Kommunen meiner at eventuelle nye krav må følgjast av oppdaterte rettleiarar, særleg for klassifisering, beredskap, dambruddsbølgjeberekningar og oppfølging av dammar i klasse 2.
5. Kommunen ber om at NVE klargjer korleis nytt kriterium om statisk vasstrykk skal nyttast i praksis ved vurdering av eksisterande klasse 2-dammar.

Bjørnafjorden, den 15.07.2026

Arild McClellan Steine
Kommunedirektør

Samandrag:

NVE har sendt forslag til revidert damsikkerhetsforskrift på høring. Forslaget skal modernisere regelverket gjennom tydelegare ansvarsfordeling, oppdaterte krav til beredskap og risikovurderingar, meir differensiert klassifisering av dammar og større fokus på vern av kritisk infrastruktur.

Bjørnafjorden kommune er dameigar og har ansvar for mellom anna Krokavatnet og Hovlandsvatnet. Kommunen har etablert beredskapsplanar og rutinar for damtryggleik, og vurderer det som positivt at forskrifta blir oppdatert i lys av klimaendringar, ny kunnskap og skjerpa krav til samfunnstryggleik.

Konsekvensar av saka/vedtaket:

Økonomi: Litt auka ressursbruk internt

Klima: FN bærekraftmål nr.13 : Stoppe klimaendringane, ved å legge til rette for betre klimatilpasning

Folkehelse: FN bærekraftmål nr.6 : Reint vatn og gode sanitærforhold

Saksutgreiing:

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

NVE har på vegner av Energidepartementet sendt forslag til revidert damsikkerhetsforskrift på høring. Forslaget gjeld ei oppdatert utgåve av dagens forskrift om sikkerheit ved vassdragsanlegg. I høyringsbrevet er det peika på at forskrifta skal oppdaterast med nye beredskapsmessige krav, oppdatert kunnskap og klargjering og utviding av fleire føresegner. Bakgrunnen for revisjonen er mellom anna behov for å tydeleggjere ansvar, gi den ansvarlege større høve til sjølv å vurdere korleis krav skal oppfyllest, sikre større differensiering mellom ulike dammar, og effektivisere NVE si saksbehandling. Det blir også vist til den tryggleikspolitiske situasjonen og truslar mot kritisk infrastruktur som ein del av bakgrunnen for revisjonen

Norsk Vann omtalar høringa som relevant for vassforsyningssektoren og peikar på at forslaget inneber endringar i klassifiseringsreglane, krav til beredskap og risikovurderingar, og tydelegare ansvar for den ansvarlege og andre aktørar.

Bjørnafjorden kommune som dameigar

Bjørnafjorden kommune har ansvar for kommunale damanlegg. Det er utarbeidd beredskapsplan for damsikkerheit som omfattar Krokavatn og Hovlandsvatn.

Beredskapsplanen omtalar organisering, beredskapsgruppe, grenseverdiar, konsekvensar ved dambrudd, innsatsplan, øving og kart over berørte område.

I kommunen sitt interne grunnlag for damsikkerheit er det lagt til grunn at konsekvensklassifisering blir fastsett med utgangspunkt i moglege konsekvensar ved brot, svikt eller feilfunksjon, mellom anna for busetnad, infrastruktur, samfunnsfunksjonar, miljø og eigedom. Det er også peika på at endringar i infrastruktur, nye bustadfelt, barnehagar, skular og veganlegg kan medføre endring av klassifisering.

Lovverk, forskrifter og føringar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift

Gjeldande regelverk er forskrift om sikkerheit ved vassdragsanlegg. Føremålet med dagens forskrift er å fremje sikkerheit ved vassdragsanlegg og førebyggje skade på menneske, miljø og eigedom. NVE opplyser at dette føremålet ikkje er foreslått endra. Forslaget inneber mellom anna oppdaterte krav til klassifisering, beredskap og risikovurderingar. Det er også foreslått å samle beredskapsmessige krav i ny paragraf § 5-17, og klassifiseringsreglane i kapittel 4 blir endra for å sikre større differensiering mellom ulike dammar.

Vurdering

Overordna vurdering

Kommunedirektøren vurderer at det er positivt at forskrifta blir oppdatert. Dammar er ein del av viktig samfunnsinfrastruktur, og det er viktig at regelverket er oppdatert i lys av ny kunnskap, klimaendringar, beredskap og tryggleikssituasjonen. Forslaget om tydelegare ansvar og meir risikobasert oppfølging er i hovudsak positivt.

Samtidig er det viktig at forskrifta gir føreseielege og praktisk gjennomførbare krav for mindre kommunale dameigarar. For Bjørnafjorden kommune er dette særleg relevant fordi kommunen har eit avgrensa tal dammar, men likevel må ha nødvendig kompetanse, internkontroll, beredskap og dokumentasjon på plass.

Konsekvensklasse 2

For dammar i konsekvensklasse 2 er kommunedirektøren særleg oppteken av at krava blir tydelege og forholdsmessige. Dammar i klasse 2 har eit reelt skadepotensial, men er samstundes i ein annan risikokategori enn dammar i konsekvensklasse 3 og 4. Kommunen meiner difor at forskrifta og tilhøyrande rettleiarar bør skilje tydeleg mellom kva som gjeld for klasse 2, og kva som gjeld for høgare konsekvensklassar.

Bjørnafjorden kommune har allereie etablert beredskapsplan for damsikkerheit, og denne omfattar mellom anna grenseverdiar, innsatsplan, øving og kart over berørte område for Krokavatn og Hovlandsvatn.

Dagens beredskapsplan viser at kommunen allereie har eit system for damberedskap, men endra forskrift kan gi behov for gjennomgang av klassifisering, dokumentasjon, beredskapsplanverk og interne rutinar. Dette bør kunne gjennomførast utan uforholdsmessig administrativ byrde for kommunale dameigarar med få anlegg.

Klassifisering og statisk vasstrykk

Kommunedirektøren støttar intensjonen om meir treffsikker klassifisering. Det er positivt dersom regelverket kan bidra til at små dammar ikkje blir plassert i for høg konsekvensklasse utan at skadepotensialet tilseier det.

For Bjørnafjorden kommune er det likevel viktig at NVE klargjer korleis nye klassifiseringskriterium, inkludert statisk vasstrykk, skal nyttast ved vurdering av eksisterande dammar i konsekvensklasse 2. Det er viktig å be om praktiske døme i rettleiaren, slik at dameigarar, VTA og rådgjevarar vurderer like tilfelle likt.

VTA(vassdragsteknisk ansvarleg) og ressursbruk

Forslaget kan føre til noko meirarbeid for Bjørnafjorden kommunen ved innføring av nytt regelverk, særleg knytt til gjennomgang av klassifisering, beredskap, risikovurderingar og dokumentasjon. Ut frå det som ligg føre, verkar ikkje endringane å innebere ein vesentleg auke i fast årleg arbeid for VTA for dammar i konsekvensklasse 2, men dette føreset at krava blir praktisk utforma og følgde opp med tydelege rettleiarar.

Det er eigen dokumentasjon som viser at VTA-arbeidet omfattar internkontroll, oppfølging av sikkerheit ved vassdragsanlegg, rapportering, vurdering av tiltak og oppfølging av krav etter damsikkerheitsforskrifta

Beredskap og kritisk infrastruktur

Kommunedirektøren meiner det er rett at beredskap og sikring av kritisk infrastruktur får større merksemd. Høyringsbrevet viser til utviklinga i den geopolitiske situasjonen og truslar mot kritisk infrastruktur som ein del av bakgrunnen for revisjonen

Det likevel viktig at nye beredskapskrav blir samordna med kommunalt beredskapsarbeid, vassforsyningsberedskap og overordna ROS. Bjørnafjorden kommune sin beredskapsplan for dammar er del av kommunen sitt beredskapsplanverk, og omtalar koordinering av varsling, mobilisering, informasjon, evakuering, transport og innkvartering ved hendingar.

Konklusjon

Kommunedirektøren tilrår at Bjørnafjorden kommune gir høyringsuttale til forslaget.

Kommunen bør støtte hovudretninga i forskriftsarbeidet, men samtidig peike på behov for tydelege, forholdsmessige og praktisk gjennomførbare krav for dammar i konsekvensklasse 2.

Kommunedirektøren bør særleg be om at NVE utarbeider oppdaterte rettleiarar samtidig med ny forskrift, og at det blir gitt praktiske døme på klassifisering, bruk av statisk vasstrykk og krav til beredskap for klasse 2-dammar.